

MØTEREFERAT FAU NORDBYGDENE SKULE 17.02.26

TILSTADES: Vilde Springard, Martin Skjauff, Marita Tveito Sjølie, Tonje Arnesen ødelien, Liv-Marit Øynebråten, Helene Uhlen Dokk, Elin Nordheim (siste del av møtet) og Ragna Torkelsgard (ref)

1. Trygg skuleveg

Denne saka har vore oppe tidlegare. Fleire ungar går langs fylkesvegen frå skulen til gamle posthuset i Leveld. Det er høg fart blant mange bilistar, og før jul var det også ei utforkøyring på strekka. Det vart i kommunestyret 4/11-25 vedteke kr 175 000,- til forprosjekt "turveg" Nordbygdane Skule-Feten. FAU heldt tak i saka og melder også opp til Fjellet IL i årsmøtet 9.mars. Det er mange av medlemmene i Fjellet IL som går "turrunden" i Leveld og fleire vil ha interesse av ein trygg gangveg. FAU tek saka opp i SU.

2. Smarttelefonfri skule/barndom

Smarttelefonfri barndom er eit foreldredrive nettverk som bidreg til dialog og samarbeid mellom foreldre som ønskjer å utsetje smarttelefon til etter barneskolen. Det er over 650 skuler i Norge som jobbar for å nå målet innan 2030, FAU har fatta vedtak på over 300 skoler. Deriblant har FAU ved skulene i Hemsedal, Gol og Geilo vedteke dette (sjå artiklar i Hallingdølen). Stadig meir forskning viser negative konsekvenser for barn og ungdom med bruk av smarttelefon.

FAU initierer at Nordbygdane Skule går for å bli ein Smarttelefonfri Skule innan 2030. I praksis vil dette arbeidet då starte i 1-3.trinn. FAU ynskjer å invitere FAU på Torpo og Nedre-Ål, samt gå i dialog med folkehelsegruppa mht resultata på søvnutfordringar hjå barn i Hallingdal i 1-10.kl. Det ligg mykje informasjon og ressursar på nettsida til det foreldrevne nettverket [Smarttelefonfribarndom](#). FAU ved skulen kjem til å leggje ein plan for inkludering av alle foreldre i dette prosjektet, også inn mot føresette i barnehagen. Det er viktig å presisere at FAU ikkje kan påleggje foreldre noko, men håpar så mange som mogleg støttar opp om prosjektet. Det vart i haust sendt ut informasjon/spm i alle klassane, med anmodning om tilbakemelding gjeldande saka.

3. Gaming og leik

Nyheitssak i sosiale media siste veka viser til "Utøya-leik" på spele-appen Roblox, og foresatte har vorte kjent med at det har vore "Utøya-leik" utanom skuletid. Dette spelet har no vorte fjerna frå Roblox. Fleire av ungane veit ikkje kva "Utøya-saka" omhandlar, men det er viktig at både føresette og skulen tek tak i dette og liknande type leik, om slikt foregår i og/eller utanom skuletid.

4. 17.mai

Køyrer same opplegg som i fjor. 2&3.klasse har ansvar for å organisere; heile skulen og barnehagen blir involvert i dugnaden.

5. Evt

Innspel og oppfordring gjeldande bursdagsinvitasjonar: kan me tilbake til invitasjon i papirformat, i staden for bruk av messenger. Betyr noko for ein del av ungane å kunne gi ein invitasjon sjølv. Dette kan også bidra til å unngå at nokre ungar ikkje har høyrte om bursdagsinvitasjon, f.eks då foreldre kan gløyme å fortelja at den har kome til dei i

messenger-gruppa, men at det ikkje høver delta. Kan foreldre f.eks sende melding til klassekontakt med spm om eleven kan få levere ut invitasjon i timen?

6. Orientering frå rektor om skulen

- Ressursar: Ny lærar på plass i midlertidig stilling fram til sumaren. 36 søkjarar til lærarstillingane i kommunen frå nytt skuleår.
- Har vore eit par gode elevrådsmøter. Der har dei jobba med korleis dei ynskjer å ha det på skulen.
- Foreldrenettverksplan. Meir info kjem mht å jobbe med foreldrenettverk.
- Skulen jobbar tett på elevane for betring og godt skulemiljø